

Til.

Medlemer i:

Utval for Plan og Miljø

Kommunestyret.

Seniorbustader på Åtun Lindås, sak i kommunen den 23 og 24.juni 2021.

Saka nr 108/21 i utval for plan og miljø den 23.6 og same sak nr 082/21 i kommunestyret den 24.6 om «Avklaring av planinitiativ – Åtun gnr 108 bnr 161» er ein avgjerande milepel i arbeidet vårt å få planfesta areal til seniorbustader på Lindås, eit prosjektet som Lindås Pensjonistlag tok initiativ til i 2017.

Vår Intensjonen er å etablere eit senternært bustadområde for aldersgruppa 55+ som ønskjer enklare bustader i eige nærmiljø. Vi ser ikkje at rådmannen si innstilling til vedtak i saka støttar oss i dette, heller vert vi motarbeida.

Arealavgrensinga i alternativ 1 legg etter vår mening klare hindringar i vegen for å få vurdert den løysinga som vi, på denne staden i prosessen meiner vil vere den beste.

Arealendringa i alternativ 2 gjer det etter vår mening mogeleg å vurdere løysingar som gjev betre sol og utsiktstilhøve og betre og tydelegare samanheng mellom bustadområdet og senteret, enn det ein oppnår ved alternativ 1. Vi ønskjer difor at arealavgrensinga (alt 2) vert lagt til grunn for reguleringsplanarbeidet.

At ei løysing etter alternativ 2 og må oppfylle krava til miljø og omgivnad som er sett i kommuneplanen, er for oss sjølv sagt.

Korleis, - meiner vi må løysast i reguleringsarbeidet.

Så når rådmannen i si saksutgriing og tilråding, framhevar og legg einsidig avgjerande vekt på mogelege negative konsekvensar av alternativ 2, utan å kommentere eller vektlegge fordelane med alternativet, så meiner vi at grunnlaget for å få til den beste løysinga vert sterkt redusert.

Det er noko som korkje vi eller kommunen vil vere tent med.

Vi vil difor sterkt oppmøde politikarane om at dei støttar i arbeidet med å få til så god løysing som mogeleg og då må alternativ 2 veljast.

Mvh

Lindås Pensjonistlag

Arbeidsgruppa for seniorbustader på Lindås

Kjell Hauge, Arne Aven, Mary Gjøsæter, Jon Døsvik, Håvard Fanebust